

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

4.oktober 2018

SØKNAD OM TILSKOT TIL ARRANGEMENT

Hordabø Skulemusikklag presenterer show, kalla "Norsk på Norsk" i Hordabøhallen, søndag 21.oktober 2018 kl. 17.00

Ideen bak showet er å presentere norsk musikk (også lokal) ved samspel , speleglede og musikk på tvers av generasjonar.

Lokale song- og musikk-krefter er inviterte til å vera med, og ved dette showet vil 50-55 personar i alderen 8 til 60 + år ..ta del ,saman eller i grupper/enkeltvis.

Showa er utvikla av vår faste dirigent og musikalske leiar Stein Paulsen,og me har tidlegare hatt svært gode tilbakemeldingar på våre 4 tidlegare show, (ABBA-show, Ei hyllest til livet og kjærleiken, dansegalla og A Night At The Opera)

Hordabø Skulemusikklag vil med dette søkja om støtte til arrangementet, kr. 25.000,- Kostnadene kjem fram slik: Lys/lyd 16.500, Leige lokale 2500,-, instruksjon/instruktørar 16.000, diverse kostnader ved arrangementet 4000,-.

Både små og store lokale stjerner vert invitert til ei sosial, musikalsk og positiv oppleving for alle aldersgrupper.

SHOW er nyskapande, og laga for og behalda born/unge i korpset, og samstundes å gje dei musikalske opplevingar, og å setja pris på samspel.

Hordabø skulemusikklag har sine driftsinntekter frå basarar, adventslotteri og kulturmidlar frå kommunen.

Med von om snarleg, positivt svar.

For Hordabø Skulemusikklag
V/styret
Gro Sylta Paulsen